

# Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
13/2014	Formannskapet i Radøy	PS	20.02.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Lisbeth Toppe Alvær	14/330	

## Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø - revidert planprogram

### Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek revidert planprogram for kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Vedtaket har heimel i pbl. § 4-1.

### Saksopplysingar:

#### Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø - oppstart og planprogram

### Vedlegg i saka:

Framlegg til planprogram

### Saksutgreiing:

Radøy kommune har opp gjennom åra utarbeidd fleire planar for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Den siste var Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2008 – 11 som vart vedtatt i kommunestyret 11.12.2008. Planen må såleis reviderast snarast råd og dette er også omtala i samfunnssdelen i kommuneplanen som vart vedtatt 29.09.2011.

Planen er kommunen sin styringsreiskap for utbygginga av nemnde typar anlegg og skal vedtakast av kommunestyret. Planen skal vera realistisk med omsyn til økonomi og ressurs-bruk og skal gjera greie for behov ut frå forventa aktivitetsutvikling og etterspurnad i kommunen. I samband med denne revideringa av planen vert det også i større grad sett fokus på folkehelse og aktivitetstiltak for born og unge.

Planen vil inngå i kommunen sin planstrategi som skal vedtakast i 2012.

Rådmannen legg opp til at formannskapet gjer oppstartsvedtak og at formannskapet vert

styringsgruppe for planarbeidet. Rådmannen vil ha fagansvaret for planarbeidet og vil setja saman ei tverrfaglege plangruppe slik som omtala i planprogrammet der også Radøy idrettsråd vert representert.

Rådmannen vurderer det slik at planen ikkje fell inn under krav om konsekvensutgreiing då den ikkje legg opp til stor endring i arealbruk til nye byggjeområde.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Radøy kommune vedtek oppstart av planarbeid og legg planprogram for rullering av kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø ut til høyring.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing § 2.

#### **15.03.2012 Formannskapet**

Formannskapet vedtok samråystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

#### **FS-032/12 Vedtak:**

Radøy kommune vedtek oppstart av planarbeid og legg planprogram for rullering av kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø ut til høyring.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 4-1 og forskrift om konsekvensutgreiing § 2.

#### **Nye opplysningar i saka:**

Framlegg til planprogram vart kunngjort 30.03.12 og låg ute til offentleg ettersyn i 6 veker, med høyringsfrist 15. mai 2012. Kommunen mottok to innspel i høyringsperioden, og begge innspela er lagt ved.

Kommunestyret vedtok revidert prioriteringsliste over utbygging av anlegg i gjeldande Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø, jf. KS-036/13.

#### **Fylkesmannen:**

Fylkesmannen viser til pkt. 3 i planprogrammet, der det manglar henvisning til St. meld 26 (2006-2007) «*Om rikets miljøtilstand*» og St.meld. nr. 39 (2000-2001) *Friluftsliv - Ein veg til høgare livskvalitet*. Henvisning til desse dokumenta er tatt inn i framlegg til revidert planprogram, saman med eit utval andre nyare styringsdokument.

Det vert vist til at planen bør vere tydeleg på kva føringar som skal leggjast til grunn i arealpolitikken. Fylkesmannen kjem også med framlegg til konkrete tiltak, m.a. å kartlegge og verdsette lokale friluftsområde, og ha ein plan for sikring av desse. Av andre forslag til tiltak er å utarbeide servituttavtalar for turstiar m.m., og ha spesielt fokus på å ivareta grønstrukturar i kommunen. Fylkesmannen peikar på betydningen av universell utforming for å legge til rette for alle grupper i samfunnet, og at folkehelseperspektivet i planen må vere tydeleg, både for yngre som eldre i kommunen. Slike konkrete innspel til planen vil ein søkje ivaretatt i planprosessen.

Fylkesmannen viser også til at planprogrammet legg opp til brei brukarmedverknad i planprosessen, men at planprogrammet ikkje i tilstrekkeleg grad konkretiserer korleis brukarmedverknad frå barn og unge og andre er tenkt ivaretatt. Dette er eit innspel som er tatt omsyn til i framlegg til revidert planprogram.

Når det gjeld framdriftsplanen i framlegg til planprogram viser Fylkesmannen til at ein del av aktivitetane knytt til medverknad og dialog er lagt til perioden mai-august, noko som kan redusere grad av medverknad i planprosessen. Ved at arbeidet med planen no startar opp i mars, gir det eit lengre tidsrom for brukarmedverknad, jf. framlegg til revidert framdriftsplan.

#### **Norges Handikapforbund Sørvest:**

Har ingen merknader til kommunedelplanen, men ønskjer å bidra i det vidare arbeidet.

#### **Vurdering**

Relevante innspel i samband med høyring av planprogrammet er tatt inn i revidert planprogram for Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø. Det er gjort mindre endringar i dokumentet, lagt inn henvisning til nyare overordna dokument som gir føringar for arbeidet med planen under pkt. 3, og framdriftsplanen i pkt. 5 er oppdatert. Nokre av punkta Fylkesmannen har spelt inn er det naturleg å kome tilbake til i utarbeidinga av sjølve planen.

På bakgrunn av endring både i organisasjonsstruktur og endring i tilsettingsforhold for medlemmar i plangruppa, vert det gjort framlegg om at rådmannen får mynde til setje saman plangruppa, jf. pkt. 4.1.

Styringsgruppa kan vurdere å endre tittel på planen til *Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet*. Ei slik endring vil vere i tråd med signal gitt i rettleiaren frå Kultur og kirke departementet *Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet*. Føremålet er å signalisere ei dreiling av fokus, slik at planen ikkje lenger skal oppfattast som ein anleggsplan, men ha breiare fokus på fysisk aktivitet og folkehelsearbeid.

#### **Konklusjon**

Rådmannen legg fram revidert planprogram for *Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø* for endeleg vedtak i formannskapet. Relevante høyringsinnspel er vurdert og tatt inn i planprogrammet, henvisning til nyare overordna dokument som gir føringar for arbeidet er teke inn og framdriftsplanen for arbeidet er endra.

#### **Formannskapet i Radøy - 13/2014**

#### **FS - behandling:**

Rådmannen informerte om revidert framlegg til planprogram for kommunedelplanen. Mellom anna er brukarmedverknad for barn og unge tatt inn som eit element i planen. På grunn av den lange tida som har gått sidan planprogrammet vart sendt på høyring, vil rådmannen setja saman ei ny arbeidsgruppe.

Rådmannen lanserte ideen om å gje kommunedelplanen ein ny tittel. Formannskapet vart einige om å omdøypa «Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø» til «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø».

Rådmannen si tilråding, med endring gjort i møtet, vart samrøystes vedteke.

**FS - vedtak:**

Formannskapet vedtek revidert planprogram for kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

Vedtaket har heimel i pbl. § 4-1.

«Kommunedelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø» vert omgjort til «Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø».

**Vedlegg:**

Planprogram for kommunaldelplan for anlegg for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Kommunedelplan Radøy kommune 27 april 2012.pdf (L)(144673)

Uttale til oppstart av rullering av kommunedelplan for anlegg for idrett - friluftsliv og nærmiljø 2012-2020- Radøy.pdf (L)(145937)